

Ordinært styremøte 4/2023

14. desember 2023

Til stades: Eli Bjørhusdal, Kjetil Gundersen, Terje Lohndal, Hege Myklebust, Lodve Solholm, Hilde Sollid og Erik Ulfsby

Frå Språkrådet: Åse Wetås (direktør) og Gunnhild Wiggen (seniorrådgjevar)

Møtestad: Digitalt møte på Teams

Møtetid: 10:00–13:00

Møteleiar: Erik Ulfsby

Referent: Gunnhild Wiggen

Sakliste:

Konstituering

S 55/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

S 56/23 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 22. september 2023

Informasjonssaker

S 57/23 Orienteringssaker v/ direktøren (ingen sakspapir)

S 58/23 Høyringar

S 59/23 Mediesaker

S 60/23 Frå fagråda

S 61/23 Nye nettsider – status

S 62/23 Rekneskap og økonomisk situasjon per 30. november 2023

S 63/23 Arbeid med årsrapporten for 2023

S 64/23 Endringar i tilsynet frå januar 2024

Vedtaksaker

S 65/23 Styrets møteplan for 2024 – årshjul

S 66/23 Teiknspråkprisen 2024

S 67/23 Oppnemning av fagrådsmedlemmar

Drøftingssaker

S 68/23 Førebels budsjett for 2024

S 69/23 Førebels verksemdsplan for 2024

S 70/23 Fagrådet for normering og språkobservasjon – saksgangen i rettskrivingssaker

S 71/23 Strategi for perioden 2025–2028

S 72/23 Språkrådets vedtekter

S 73/23 Eventuelt

Konstituering

S 55/23 Godkjenning av innkalling og sakliste, habilitet

Sakspapir: Saklista 14. desember 2023

Vedtak: Styret godkjenner innkallinga og saklista.

S 56/23 Godkjenning av protokoll frå styremøtet 22. september

Sakspapir: Utkast til protokoll frå styremøtet 22. september 2023

Vedtak: Styret godkjenner protokollen.

Informasjonssaker

S 57/23 Orienteringssaker v/ direktøren

Sakspapir: Ingen

Direktøren refererte om desse sakene:

Personalsaker:

- *Éin medarbeidar på minoritetsspråksfeltet har fått treårig studiepermisjon for å ta ein doktorgrad. Administrasjonen ønskjer å tilsetje ein person i fast stilling og meiner det er liten risiko ved å gjere stillinga fast allereie no.*
- *Éin medarbeidar har sagt opp stillinga si, og stillinga vil bli lyst ut over jul.*

Lønsforhandlingane hausten 2023:

- *I dei lokale lønsforhandlingane hausten 2023 vart dei fire mellomleiarane løfta over i avdelingsdirektørkode. Lønssammene er dei same. Vi gjer dette hovudsakleg for å vise eksterne kva nivå leiarane i Språkrådet er på.*

Sjukemeldingar:

- *Språkrådet har ei utfordring når det gjeld sjukemeldingssituasjonen.*

Riksrevisjonen:

- *Språkrådet har fått nytt revisjonsteam i Riksrevisjonen. To møte er gjennomførte: eit oppstartsmøte i haust og eit arbeidsmøte i desember. Riksrevisjonen ønskjer seg eit kontaktpunkt inn i styret. Det kan derfor vere at vi treng eit ekstra styremøte i april 2024.*

Organisasjonsstrukturen i Språkrådet:

- *Vi har byrja å sjå på organisasjonsstrukturen i Språkrådet. Det har skjedd nokre mindre endringar sidan 2013, då sekretariatet vart delt i seksjonar og mellomleiarnivået vart innført. Vi starta evalueringsarbeidet med ein halv swat-analyse på personalseminalet vårt i månadsskiftet november/desember. Styret vil bli involvert i arbeidet på førsumaren 2024.*

Arbeidsmiljølova:

- *Krava i arbeidsmiljølova blir no endra. Organisasjonar med fleire enn 30 tilsette må no ha eit arbeidsmiljøutval med to representantar frå leiinga og to frå dei tilsette.*

Etatstyringsmøte:

- Referatet frå det siste etatstyringsmøtet er ikkje godkjent enno og kjem derfor i sakspapira til neste styremøte. Språkrådet hadde meldt inn klagesaker om stadnamn som eit tema – vi ønskjer at slike saker blir flytta til Klagenemndsekretariatet i Bergen, for situasjonen er uryddig slik han er no, og Språkrådet ser problem med habilitet i vanskelege saker. Vi jobbar vidare for å få til denne organisatoriske endringa.
- Endringane i Språkrådets vedtekter vart diskuterte (sjå eiga sak).
- Om indikatorarbeidet vidare: KUD skal rapportere jamleg til Stortinget om dette og kjem til å gjere det i Prop 1 (budsjettet). Språkstatus 2025 må derfor sikte seg inn på fristane som gjeld her.

Fagsaker:

- I november fekk Språkrådet levert ein rapport om krav til sikring av norsk språk i lærarutdanninga. Vi hadde eit fagseminar om innhaldet i rapporten i november. Rapporten syner at det er store skilnadar i lærarutdanningane i landet. Resultata viser at det mange stader er dårleg kvalitetssikring av norskkunnskapane.
- To undersøkingar er i ferd med å gjerast ferdige:
 - om redaktørspåk i aviser og vilkåra for nynorsk som redaksjonsspråk v/ Opinion
 - om behova for språkteknologiske grunnlagsressursar, retta både mot utviklarar og brukarar v/ Oslo Economics
- Årets ord er kåra: KI-generert.
Skal vi halde fram med denne kåringa? Språkrådet er i tenkeboksen. Styret har inga meining om saka.

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 58/23 Høyringar

Sakspapir: Notat med lenkje til Språkrådets høyringar

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 59/23 Mediesaker

Sakspapir: Notat frå kommunikasjonsavdelinga

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 60/23 Frå fagråda

Sakspapir: Notat frå fagrådssekretærene

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 61/23 Nye nettsider – status

Sakspapir: Notat frå seniorrådgjevar Erlend Lønnum og stabssjef Jo Inge Fisketjøn

Vedtak: Styret tek saka til orientering og gler seg til å sjå resultatet.

S 62/23 Rekneskap og økonomisk situasjon per 30. november 2023

Sakspapir: Notat frå seniorrådgjevar Jonatan E. Hegbom og stabssjef Jo Inge Fisketjøn

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 63/23 **Arbeid med årsrapporten for 2023**

Sakspapir: Notat frå kommunikasjonssjef Anette Hjerde og stabssjef Jo Inge Fisketjøn

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

S 64/23 **Endringar i tilsynet frå januar 2024**

Sakspapir: Notat frå avdelingsdirektør Margrethe Kvarenes

Vedtak: Styret tek saka til orientering.

Vedtaksaker

S 65/23 **Styrets møteplan for 2024 – årshjul**

Sakspapir: Notat frå direktør Åse Wetås

Vedtak: Styret ser positivt på framlegget og tilbyr seg å lage eit riss til årshjul for det nye styret.

S 66/23 **Teiknspråkprisen 2024**

Sakspapir: Notat frå seniorrådgjevar Sonja Myhre Holten og avdelingsdirektør Lars Ivar Nordal

Vedtak: Styret vedtek framlegget. Merk at tidspunktet i statuttane må endrast til *desember*.

S 67/23 **Oppnemning av fagrådsmedlemmar**

Sakspapir: Notat frå avdelingsdirektør Daniel Gusfre Ims

Vedtak: Styret vedtek framlegget.

Drøftingssaker

S 68/23 **Førebels budsjett for 2024**

Sakspapir: Notat frå direktør Åse Wetås og stabssjef Jo Inge Fisketjøn

Vedtak: Styret drøfta saka.

S 69/23 **Førebels verksemdsplan for 2024**

Sakspapir: Notat frå direktør Åse Wetås

Vedtak: Styret drøfta saka.

S 70/23 **Fagrådet for normering og språkobservasjon – saksgangen i rettskrivingssaker**

Sakspapir: Notat frå direktør Åse Wetås og avdelingsdirektør Daniel Gusfre Ims

Vedtak: Styret drøfta saka og stiller seg bak administrasjonens framlegg til sakshandsaming i normeringssaker.

S 71/23 Strategi for perioden 2025–2028

Sakspapir: Notat frå direktør Åse Wetås

Vedtak: Styret drøfta saka.

S 72/23 Språkrådets vedtekter

Sakspapir: Notat frå direktør Åse Wetås

Vedtak: Styret drøfta saka.

S 73/23 Eventuelt

Ingen saker til eventuelt.

Direktør Åse Wetås takka styret – kvar og ein og som eit kollektiv – for ein flott jobb og for god hjelp og støtte i direktørperioden.

Godkjenning

Protokoll frå møtet 12. desember 2023 er godkjent 16. februar 2024.